

# VERDENSARV OG MENNESKERETTIGHETER:

Konflikt eller samspill

Foredrag i Oslo den 6. februar 2008

Av Randi Bårtvedt

Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum

Direktør

## **Case Odda**

### **Lokal bestemmelsesrett og deltaking. Konflikt eller samspel?**

Teknisk industrielle kulturminne er ein underrepresentert kategori på UNESCO si verdsarvliste. I 2004 kom the "Gap report" der ekspertar på industrielle kulturminne viste mangelen på slike på verdsarvlista. Tidleg på 2000-talet var berre eit 30-tal industriminne av nærare 800 minne på lista. Ingen av dei galdt elektrokjemisk industri.

I Noreg finst noen av dei store og tidlege anlegga i verda knytt til elkraftproduksjon med kjemisk og metallurgisk industri som kraftavtakar. Dei nye oppfinningane internasjonalt på midten/slutten av 1800-talet kravde tilgang på rikelege mengder vasskraft og elektrisitet for lønsam drift i fabrikkar. Inst i Hardanger ligg Tyssedal og Odda. 3 timars tur med bil lenger sør ved Hardangervidda ligg Rjukan i Tinn kommune. Desse stadene representerer dei store 1. generasjonsanlegga innan kraftproduksjon og prosessindustri i verda frå rundt 1905.

På bakgrunn av dette ynskte Odda kommune i 2002 å bli vurdert for ein plass på UNESCO si verdsarvliste over natur- og kulturminne. Søknaden galdt Tyssedal kraftanlegg, fosselandskapet og industristaden rundt og vart send Riksantikvaren via Hordaland fylkeskommunen som slutta seg til. Riksantikvaren anbefalte i mai 2007 at Tyssedal, Odda og Rjukan bør bli nominert saman på Noregs tentative liste til UNESCOs verdsarvkonvensjon.

Konvensjonen frå 1972 er som kjent ein av dei mest brukte internasjonalt og blir rekna som det beste kvalitetsstempel eit lokalsamfunn eller region kan få. Å koma på UNESCO si verdsarvliste er ein status som heng høgt og ikkje noko ny form for vern. Vernet blir i Noreg regulert av Kulturminnelova og Plan og bygningslova.

Våren 2003 går Odda sin eldste hjørnesteinsbedrift, Odda smelteverk AS, konkurs etter nærare hundre års drift. På området finst viktige kulturminne med historisk link til det freda kraftanlegget i Tyssedal. Det oppstår straks eit sterkt ønskje frå lokalsamfunnet og næringlivet om nye bedrifter og arbeidsplasser på arealet som utgjør ca 160 mål, eller halve Odda sentrum. Konkursen varer til sommaren 2007. I desse åra blir utstyr for titals millionar selt frå buet. Bygningane (40 000 m<sup>2</sup>) kjem i sterkt forfall og tar skade av riving. Området blir spøkelsesby og industriruin på same tid. Reguleringsplanarbeidet er vanskeleg. Kommunen legg ned bygge- og deleforbod for å hindra uheldig utvikling og vilkårleg sal av eigedomar.

Produksjonslina for karbid og taubane mv. vart mellombels freda i desember 2003. I valkampen til stortingvalet i 2005 lovar stortingspolitikarar endeleg statlege midlar til opprydding av tomta. Drøftingane går om vern eller ikkje av smelteverksbygg.

I denne presentasjonen skal eg ta dykk med til industrisamfunna Tyssedal og Odda der kommune, fylke og stat og andre i ein 20-års periode har nytta store ressurser til å sikra, freda, forska på og formidla industrihistorie. Dei 3 smelteverka ved Sørfjorden inst i Hardanger og deira kraftselskap i Tyssedal har i all hovudsak vore utanlandsk eigd frå starten av i 1906. Odda og Tyssedal er framleis viktige industrisamfunn med eksport av metall og kjemiske produkt til mange land i alle verdsdelar. Zinkverket i Odda er det største i

Skandinavia eigd av svenske Boliden og Ilmenittsmelteverket i Tyssedal, eigd av norske Tinfos, er også betydningsfull innan pigmentindustrien i verda og som produsent av jern.

Arbeidsløysa i Odda kommune er i 2007 på 1%. Mange stillingar står ledige. Samstundes er Odda den kommunen i regionen som har størst fråflytting og ein skeiv aldersbalanse med ein gjennomsnittsalder på 42 år. Odda kommune slit i tillegg med økonomien der utgifter til eldersomsorg og sosiale utgifter bidrar til store underskot i kommunerekneskapen. Dette som eit bakgrunnsteppe for å forstå kvifor folk er utolmodige til at noko positivt skal skje etter smelteverket.

Mye energi i lokalsamfunnet går til å finna dei beste løysingar for ny utvikling. Kva er Odda sine konkurransefortrinn? Kan kulturminna vera ein ressurs? Kva vil det bety for regionen om dei industrielle kulturminna får ein UNESCO-status? Fører det til særfordeler? Er UNESCO ei ny "vaktbikkje"? Temperaturen på drøftingane vart særleg høg i valåret 2007. Mange opplever vernet som overformynderi. Kravet om å bestemma sjølv og om folkeavrøysting for eller mot vern av produksjonslina kjem opp. Ei folkerøysting om UNESCOs verdsarv er etter det eg kjenner til ikkje gjennomført tidlegare.

Det siste året har avisene vore fulle av avisinnlegg og reportasjar, 6 sider i lokalavisa fredag før valdagen den 10. september 2007. Smelteverket i Odda er godt stoff i revyar og for forfattarar. Frode Grytten har fått Riverton-prisen for kriminalromanen "Flytande Bjørn" der noe av handlinga gjeld smelteverket. Studentar, arkitektar og museumsfolk kjem til Odda med ønskje om å få omvising og orienteringar om smelteverket, vernespørsmålet og søknad om UNESCO-status. Det er tatt opp mengder med film og foto. På gata, i stovene, på arbeidsplassen har det "hottaste" samtaleemnet vore smelteverket og UNESCO og vern. Restriksjon eller verdiskaping? Det kunne vore skrive mange avhandlingar om UNESCO-prosessen i Odda.

Eg er ein del av prosessen som innbyggjar i Odda, som direktør ved Norsk Vasskraft- og Industristadmuseum og som prosjektleiar stadutvikling og reiseliv for Odda kommune 2005 – 2007 og rådgjevar for museet i same periode. Frå 1985 fekk eg jobben av Odda kommune med å vurdere grunnlaget for å byggja opp eit industrimuseum. Det starta som Odda Industristadmuseum og lokalhistorisk arkiv og er i dag ei stifting som forvaltar det nasjonale kulturminne Tyssedal kraftanlegg. Museet utgjer idag 20 årsverk.

Museet si oppgåve er først og fremst å gjera ein god jobb på vegne av kulturminnevern ifølge vedtektene og å finna løysingar for å sikra historia saman med innbyggjarane og andre. Eg ser kulturminna som ein stor ressurs for lokalsamfunnet og langt vidare. Mandatet frå kommunestyret i Odda frå 2005 var å arbeida for å bli foreslått til UNESCO si verdsarvliste. Som fagmenneske og ein av sakshandsamarane er eg blitt ein sentral person i ei av dei viktigaste politiske sakene i Odda til siste val. Det gjekk politikk i vernespørsmålet.

I artikkel 19 Menneskerettane er det slått fast: *"Enhver har rett til menings- og ytringsfrihet. Denne rett omfatter frihet til å hevde meninger uten innblanding og til å søke, motta og meddele opplysninger og ideer gjennom ethvert meddelelsmiddel og uten hensyn til landegrenser."*

Spørsmålet blir:

Kven skal ha innflytelse på og stemmerett på kva industriminne som blir tatt vare på inst i ein norsk fjordarm? Er det eit lokalt eller globalt spørsmål når den internasjonale verneverdien er slått fast? Kva er innbyggjarane sin rett til å velja eller velja vekk sine egne kulturminne? Kva er politikarane sitt ansvar lokalt, regionalt og nasjonalt? Kva rett har tidlegare eigarar og storbedrifter med hovudkontor i London, Stockholm eller New York til å få tatt vare på si historie? Kva med folk i heile Bergen og Hardangerregionen? Kva er grensene for eit

lokalsamfunn? UNESCO krev lokal oppslutnad blir det sagt. ”Kjære odding, ikkje stem nei til UNESCO-søknaden, eg vil også gjerne vera med på eventyret”, skreiv ein journalist i Bergens Tidende like før avrøystinga. Kven eig Odda? Kven eig historia etter internasjonale storbedrifter? Er det i vårt tilfelle samspel eller konflikt mellom det å ta vare på viktige kulturminne nasjonalt og internasjonalt og det som er fleirtalet i lokalsamfunnet Odda si uttrykte meining på eit gitt tidspunkt som gjeld?

Nedanfor gir eg glimt frå temaet konflikt og samspel knytt til kulturminne i verdsklasse og ein UNESCO-søknad i Odda. Det kjem til å dreia seg mye om meiningane og hendingane som førde til folkerøystinga i Odda i haust. Først eit blick inn i Odda si historie.

### ***Kort historikk Odda***

Odda ligg i ein sprekk mellom Hardangervidda og Folgefonna, 2 av våre nasjonalparkar. Staden langt der nede ved fjorden er fortetta av historie og ei dramatisk utviklingssoge dei siste 150 åra. . Frå ca 1850 til 1914 var vatnet gjennom fossane, breen og fjorden av dei mest kjende attraksjonane i Europa. Her kom 10 hotell og 60% av alle reisande til Noreg var innom Odda. Det var eit sommarsesongsamfunn – utvandringa til Amerika var stor trass i vekst i turisme, folketalet gjekk ned.

Det er bare å ta ein kikk på kartet, sa ein av direktørane ved kraftverket til meg, så skjønar du kvifor industrieventyret fann stad her for 100 år sidan. Rikeleg tilgang på billeg fossekraft, isfri fjord for transport av råstoff inn og produkt ut og ledig arbeidskraft var ideelt for industrietablering.

Krafta kunne ikkje overførast så fabrikkane kom så og seia ved enden av fossen. Tyssedal kraftanlegg 1906-16 vart bygd på rekordtid med enkle midlar og handkraft. Første byggetrinn stod ferdig i mai 1908 som Europas største høgtrykkstasjon og leverte straum som avtalt til verdas største karbidfabrikk Alby Carbide Co ltd og året etter til verdas største gjødselabrikk The North Western Cyanamide Co. Verdspressa skreiv i 1912 om industrieventyret i Odda. Det skulle ikkje gå som venta, 1. verdskrig kom i vegen. I 1920/21 var fabrikkane konkurs, men refinansiert i 1924 og seinare i drift som Odda smelteverk AS til 2003. Seinare kom 2 smelteverk i tillegg. Odda og Tyssedal er markante eksempel på den 2. industrielle revolusjonen og utvikling av velferdsstaten og norsk sosialdemokrati. Her vart skapt moderne samfunn med mange goder for å halda på arbeidskrafta.

### ***Prosessen bak folkerøysting eller eit drama frå verkelegheita***

Tyssedal kraftanlegg vart freda av Riksantikvaren i mai 2000. Eit stort restaureringsarbeid vart fullført i 2007 som eit av Norges største restaureringsprosjekt. Det er eit strålende døme på godt samarbeid mellom region og stat. ”Kraftkatedralen” er tilbake i all si prakt etter år med forfall. I dag er alle stolte av dette.

Forslaget om å søkja UNESCO-status for kulturminne i Odda og Tyssedal kom frå fylkeskonservatoren i Hordaland. Museet vart i 2002 invitert til å reisa på konferanse i regi av europeiske UNESCO-byar til det kjende UNESCO-minnet, Ironbridge i Storbritannia, for å læra og å knytta nettverk. Vi presenterte Tyssedal og Odda som ”sleeping beauty” og med mange industrielle kulturminnemiljø in takt. Same året kommenterte Riksantikvaren i brev til Odda kommune forslag til ny reguleringsplan i Skjeggedal. Den ville medføra riving av trallebanen ovanfor Tyssedal. Riksantikvaren påpeika at om kommunen godkjende å riva trallebanen frå 1911, så ville ein stå svakare i ein eventuell UNESCO-søknad seinare. Riksantikvaren signaliserer alt då at temaet vannkraft kunne vera eit aktuelt tema for nye kandidatar frå Norge.

I 2003 besøkte Riksantikvar Nils Marstein Odda og Tyssedal. Det var synfaring på smelteverket der ein planlagt riksveg ville medføra riving av sentrale kulturminne. Marstein anbefalte at vi arbeidde saman med Rjukan om å få til ein serienominasjon. Kontakten med Rjukan vart etablert politisk og administrativt.

Sommaren 2003 arrangerte vi konferansen "Kulturminne i verdsklasse" med NVE og Statkraft, 2 av stiftarane til museet, som medarrangør. Målet var å gjera kulturminna kjent for næringslivet og å etablera ein felles plattform med vernemyndigheter samt å fremja minna internasjonalt. Vi inviterte internasjonale ekspertar på synfaring for å få ein peikepinn på om dette verkeleg var i verdsklasse. Vi ynskte å handla raskt pga konkurransen og for å få nødvendige avklaringar. Presidenten frå UNESCO sin kulturminnekomite sa alt då at dette burde vi gå vidare med og at det kunne vera snakk om også å innlemma naturen med dei freda fossane i Oddadalen i ein eventuell søknad. Vatnet var utgangspunktet for industrietableringa; dette skulle Direktoratet for Naturforvaltning seinare vera ueinig i.

Smelteverket var konkurs. Bustyrar hadde etter kvart 3 utfordringar i bygge- og deleforbod, miljøproblem og mellombels freding av kalkomnar, den største smelteomnen og taubanen med meir. Fredinga kom pga ynskje om riving av ovn og taubane. Museet fekk halda fram med å registrera og dokumentera smelteverket under konkurransen og fekk kjøpa gjenstandar i den grad økonomien tillet det. Til slutt var vi ikkje velkomen på området av omsyn til tryggleik.

Her var tidleg grobotn for konflikhtar mellom konkursbuet og vernesida pga ulik ståstad; bustyrar var pålagt å realisera verdiar på kort sikt – vernemyndigheter skal sikra verdiar på kort og på lang sikt. I arkiva ligg internasjonal historie som berre delvis er tatt vare på. Vi kunne få kjøpa arkivet noko kommunen til slutt gjorde.

I 2004 vart det arrangert ein UNESCO-konferanse i Bergen og museet vart spurt om å arrangerera fjordtur for konferansedeltakarar til Tyssedal. Stuart Smith frå TICCIH og Dino Bamberou frå ICOMOS ser smelteverket for første gong. Dei ser eit anlegg i nær driftsmessig stand og for ein stor del in takt til å visa 100 år med tungindustri.

Seinare på året vender Stuart Smith tilbake som museet sin konsulent. Vi ynskjer å få innspel til kva som kan gjerast for å ivareta kulturminne og gje dei nytt liv. Korleis laga ein masterplan for smelteverkstomta der noen av dei store installasjonane inngår? Han skriv rapporten "The Potential of Odda" etter ein workshop med innbyggjarar. Vi retta oss særleg mot ungdom. Kommunestyret vedtar no å innlemma smelteverksobjekt som er mellombels freda i UNESCO-søknaden samt trallebanen ovanfor Tyssedal (november 2004). Berre 4 av 27 representantar i kommunestyret stemmer mot.

Kommunestyret understrekar i vedtaket: Fredinga må ikkje vera til hinder for næringsutvikling. Seinare har debatten gått høglytt. Oddingane har krangla i avisene.

Dette innlegget kjem i alt juli 2005 etter at Folgefonna er blitt nasjonalpark:

*"Smelteverkstomta, reguleringsplan og lokaldemokrati*

*Et annet problem er fredning av de stygge stålbyggene. Min drøm er å få et pent Odda som er trivelig. Lokaldemokrati er en vits. Vi er sentralstyrt i de sakene som virkelig er store og viktige, jmf den hodeløse og sentraldirigerte fredingen av eksempelvis Buardalen som vil få konsekvens at kulturlandskapet gror igjen. Makta, den virkelige makta, sitter helt andre steder enn i lokalsamfunnene. ... Kanskje det er på tide at vi oddinger utfordrer denne sentralmakta? Hva med å lage en underskriftsaksjon mot fredning av stålbyggene inne på smelteverket og få tydeliggjort hvor makta virkelig er. (HF 19.07.05 ein industriarbeidar)*

Bustyrar byr i 2005 fram eksportkai og portområdet med 10 bygg til sals – Odda kommune får tilslaget. Partiet Høgre er skeptisk – private burde fått tilslaget. Kommunen sel vidare mekanisk verkstad til elektrobedrift som renoverer. Murringa er begynt frå LO og politikarar med FRP i spissen. Freding hindrar etter deira syn reguleringsplan og næringsutvikling.

I 2006 søker Odda kommune og får midlar frå Riksantikvaren for å finna ut meir om kostnader ved riving av freda element og kva det vil kosta å rusta opp til tenkt bruk. Midlane rekk ikkje til å laga utførlege ideskisser for bruk. Mange trur at dei freda bygga skal stå som ruinar i årevis. Rapporten viser at det kostar om lag 80 mill kr i 2006 å rusta opp dei freda bygga til visningsanlegg og det same å riva dei samt å rydda i miljøproblem. Millionane frå staten til rydding og nyetablering let venta på seg – folk trur ikkje lenger at dei kjem. Kvifor skal staten bruka millionar på gamle smelteverksbygg? Oddingen er skeptisk.

Forfattaren Frode Grytten skriv at Odda er ”Norges nigger”; black and beautiful, men at Odda lyt klara seg sjølv ser det ut til. Vi ligg ikkje i nær køyreavstand frå Oslo som nedlagde UNION i Skien.

Seinare i 2006 blir det laga ein omfattande rapport om verneverdiar på smelteverket utført av museet saman med sivilarkitekt Gro Lavold på oppdrag frå fylkeskonservatoren i Hordaland (sjå [www.odda.kommune.no](http://www.odda.kommune.no)). I 2006 vedtar Odda kommunestyre sin første kommuneplan som skal gjelda til 2019. Framtidsbildet seier noe om at Odda har UNESCOstatus og er reetablert som kjent reisemål i Europa med hotell ved fjorden og gondolbane til fjells. Små og store strøymer til Odda for å læra og oppleva heiter det i visjonen. Kommuneplanen vart vedtatt mot 4 stemmer.

Stortingets kulturkomite besøkjer Odda og Tyssedal i 2006. Komiteen kvitterer med merknad i statsbudsjett 2007 om dei unike prosjekta i Tyssedal og Odda og ber kulturdepartementet vurdere korleis dei kan følgja opp med midlar. Det kunne vera starten på ei nasjonal finansiering slik vi har sett det for store industriminne i utlandet. Odda kjem i 2006 med i Riksantikvaren sitt pilotprosjekt ”Kulturminne og verdiskaping” pga smelteverkstomta og satsing på reiseliv ”Reiseliv i industriens vugge” saman med mellom andre Tinn kommune. Potensialet er her, Odda er oppdaga og vi ser eit håp om å bli ”juvelen i krone” over nyare norske kulturminne som Stuart Smith frå Storbritannia uttrykte det.

Riksantikvaren samla i mai 2006 mange til orienteringsmøte om ein mulig serienominasjon Tyssedal – Odda – Tinn. I september same året får vi vita at stadene skal utgreiast nærare. Det tar lenger tid. Det er ikkje nok kunnskap for å inkludera Odda og Rjukan i den tentative lista frå Norge det året. Direktoratet for naturforvaltning uttaler samstundes at DN er skeptiske til å nominera ein kandidat knytt til vasskraftutbygging. Folket i Odda blir usikre – dei som meiner at prosessen med freding og UNESCO- søknaden tar 10 år eller ikkje er mulig å finansiera kjem i posisjon og vinn fram.

## **Motstanden aukar i Odda**

Lokal fagrørsla blir stadig meir aktiv og utolmodig etter at noe skal skje. ”Smelteverkstomta – på tide å ta skikkelig grep” skriv fagforeningsleiaren ved zinkverket i 2006 og i eit PS ”Sjøl om vi ikke er akademikere, eller har så mye som et mellomfag å vise til, men ”bare” er rundskiftarbeidere og derfor pr. definisjon ikke er verdt å høre på, representerer vi tross alt den største fagforeningen innen privat sektor i Odda”. I lesarbrevet til Hardanger folkeblad skriv han vidare: ”Smelteverkstomta burde være stor nok til å romme det meste. Poenget vårt er at nå må noe konkret skje. Dersom vi skal leve av kultur og turisme, bør disse to-tre hundre arbeidsplassene vi ønsker oss komme nå. Ikke om 10-15 år! ...Dersom ikke løftene om kultur-

*og turistarbeidsplasser kommer raskt, krever vi for å si det på ekta oddisk; at "den gamle driten" inne på området som må rives, blir revet. ... For noen år siden hadde vi folkeavstemning angående opprettelsen av vinmonopolutsalg. Det er på tide å kreve en folkeavstemning for- eller mot det såkalt "midlertidige" fredningsvedtaket, dersom ikke politikerne sjøl gjør noe straks. Dette er nemlig en betydelig viktigere sak for Odda enn den om vinmonopolet. Tida for dill og snikksnakk er over"...*

Medlemer i fleire parti ivrar no for å trekkja UNESCO-søknaden. UNESCO vil bli nok ei vaktbikkje. Folketalet i Odda går framleis ned. Noe må skje. LO foreslår ordførarkandidaten frå Arbeidarpartiet. Han er imot omfattande vern. Dei hevdar at ein UNESCO-søknad vil ta 10 år, omfatta store deler av byen i buffersone og det vil gå utover kommunebudsjettet. I desember går fleirtalet i medlemsmøte i AP mot UNESCO-søknad og vil trekkja den. Kommunestyret blir delt. Det blir ein vanskeleg balansegang for avtroppande ordførar frå AP. Valkampen er i gang.

## **I 2007**

Ordføraren i Odda får etter 2 avslag møte med miljøvernminister Helen Bjørnøy om betydningen av kulturminna i Odda og Tyssedal. Ministeren lovar svar før sommaren om Odda – Tyssedal – Rjukan er aktuell for tentiv liste.

LO samlar tidleg på vinteren over 2000 underskrifter frå 7000 innbyggjarar og krev dermed folkeavrøysting om ja el nei til vern av produksjonslinja på smelteverket. Kulturminister Giske blir invitert til AP sitt årsmøte i Odda. Statssekretær kjem. Sitat frå eit av avisinnlegga etter hennar besøk:

*"I HF onsdag 21. februar sier statssekretær Randi Øverland i kulturdepartementet at Odda aldri vil komme inn på UNESCO-listen dersom det ikkje er et klart flertall for det lokalt. Vel da må det en folkeavstemning til. Enig? ... Ellers er det tydelig at de som ønsker bevaring av Smelteverket føler seg i mindretall. Hvorfor skulle de ellers kjempe mot folkeavstemning?"*

Hardanger folkeblad skriv at ei folkeavrøysting vil vera risikosport og at vi har tid til å venta til sommaren for miljøvernministeren si avgjerd om søknaden kan gå vidare til UNESCO. Lokalavisa beklagar også at støynivået i debatten for og mot vern er høg. Det går utover sakleg info.

Eit lesarinnlegg i HF frå ungdomar er verd å stoppa ved:

*Oddas største utfordring er ikke om vi kommer på verdensarvlista. Det som derimot er utrolig viktig er at vi får ungdommen tilbake til Odda. Hvordan får vi det til? Vi får høyra at dei ynskjer seg moderne jobbar som i byane etter endt utdanning. ... Odda trenger flere og større butikker. Gode restauranttilbud. Vi liker å spise god mat. .. I byene har de gode aktivitetstilbud som bowling, trening, kino. Gode kulturtilbud. Det er stadig noe som skjer i storbyene. Og turisme. Vi kan geleide turistene til Folgefonna, fjell, fjord og industri ... Ved å bevare skalltaket, kalkovner og ovn 3 får dere ikke ungdommen hjem igjen!"*

Ein annan ungdom frå nabokommunen skriv:"Her om dagen sneik eg meg inn på Smelteverket og vandra rundt. ... Inne på eine kontrollrommet låg ei bok med tittel "Informasjon til neste skift." Forsinka levering i kveld. ... Det siste som var skrive i boka var med kinesiske teikn. Notat frå dei nye eigarane som tok med seg heim alt som kunne nyttast. ... Me har lange tradisjonar i Hardanger for å vraka ting me ikkje lenger meiner har noko verdi. Strandlinjene våre er erstatta av riksveg ... Nordens største og flottaste trebygning, Hardanger hotel, vart sagflis. No har me eit nytt vrak å ta stilling til: Smelteverket. ... 160 mål er stort. Veldig stort. Me kunne ha smekka inn ti Bjørvik-operaer på tomte. Me kunne ha dobla Norges største kjøpesenter, og likevel hatt rom til overs. ... UNESCO hindrar

*nyutvikling og tek opp verdifull plass, vert det hevda. ... Redselen for at det ikkje skal bli nok plass om Odda ofrar 10-15% til verdsarven, er difor uttrykk for ein optimisme som er rørande, om enn litt vanskeleg å ta seriøst. Dei har finare postkort i Flåm enn i Odda, men det er betydeleg kjedelegare der... ( student og harding)..*

Industrien i Odda og representantar frå lokalt næringsliv tar i februar 2007 initiativ til å kjøpa smelteverkstomta. SNU (Smelteverket næringsutvikling) blir danna av interessentane. Direktøren ved smelteverket i Tyssedal blir motor for å få slutt på konkursen og at lokalt næringslivet tar over. Kommunen har dårleg råd og tek ikkje initiativ for å kjøpa. Direktøren ved zinkverket seier at oppkjøp av smelteverkstomta blir gjort for at noe positivt skal skje.

Museumsfolket har fått nok tid, seier LO-leiaren i avisa. 4 år og ingenting har skjedd. Direktøren og LO-leiaren sit i museumsstyret. Museum blir ein motsats til utvikling. Bildet blir kobla med gjentatte foto av rivningsobjekt på smelteverket i media. Museet hindrar utvikling blir det hevda. Talsmann for SNU er økonomidirektør ved smelteverket i Tyssedal. Han går tidleg ut som sterk motstandar av UNESCO-søknaden og gir uttale til pressa om at vern vil gje store og uheldige restriksjonar for utvikling.

SNU sin forretningside er å styrka Odda på handel og å ha hand om eigedom. Dei er nøgd med kommunen sitt forslag til reguleringsplan med minst mulig vern og handel nord på tomte. Politikarane vedtok i mars at det skal lagast 2 alternative reguleringsplanar; ein med vern og ein med minst mulig vern. Vedtaket kom etter 6 timars debatt.

SNU bebuda i juni kjøp av smelteverket for 15 millionar kr. Fleire investorar blir no obs på at halve Odda er selt. Dei visste ikkje om det, andre ville også ha gitt bod. Tomta er gått på billegsal. Det er vekst i Røldal – hyttebygging og hotell for milliardar skjer no og til tider vil folketalet der bli auka med 7000 innbyggjarar. Dei utgjer ein stor kundemasse.

I april 2007 vedtok kommunestyret at det blir folkeavrøysting. Kravet frå LO blir endra frå ja el nei til riving av produksjonslina til ja el nei til å gå vidare med UNESCO-søknaden. Det blir bestemt at folkerøystinga skal vera valdagen. Det blir opna for å gje førehandsstemmer. Ordføraren lovar meir info om UNESCO i tillegg til det folkemøtet som alt er halde.

Det har versert opplysningar av ulik kvalitet heile tida. Dei vanlegaste argumenta frå motstandarane av søknaden er at det kjem til å ta 10 år å eventuelt koma på lista. Dette blir avkrefta i pressa av riksantikvaren som seier 3år. Det blir hevda at store deler av Odda by blir freda – spørsmålet om buffersoner- trass i at det freda området på smelteverket utgjer ca. 20 mål av 160 mål. *"Dersom Odda sentrum (smelteverkstomta) oppnår UNESCO-status, vil våre lokalpolitikere få enda ei vaktbikkje ...*

Eit nytt parti oppstår. NYE Odda som har UNESCO og kulturminnevern som fanesak. Dei får inn 3 kandidatar i kommunestyret etter valet.

Miljøvernministeren besøker i mai Tyssedal i samband med pilotprosjektet og feiring av at 7 år med restaurering av kraftanlegget er slutt. Ho kunngjer at Tyssedal, Odda og Rjukan er anbefalt av Riksantikvaren for den tentative lista til UNESCOs verdensarv. Ho held lovnaden om svar før sommaren.

I juli engasjerer direktøren i Tyssedal LO-leiaren som får fri med løn til å undersøka/kvalitetssikra arumentasjonen som blir framført av kommunen før folkerøystinga. Den 16. juli skriv han lesarinnlegg om "Kjøpet av smelteverkstomta" *"Ved at næringslivet tok steget og kjøpte ut bostyret ved Odda smelteverk, så skapes det nye muligheter....Hvis Odda politikarane går for å be om tungt vern av området, så vil det begrensa dei mulighetene vi har i dag. ...Kva for økonomiske konsekvensar/lovnader er det å sei ja til UNESCO? Betyr en UNESCO-status at kommunen må koste den del av kaka. I så fall, hvor stor? Hvis Odda og*

*Tyssedal eventuelt får UNESCO status, hvilke hindringer legger dette på utbygging, vegløyninger, husbygging, bygging av rundkjøringer og lignende? Kan for eksempel TTI i Tyssedal få bygge ut flere siloer eller bygge ut ovn 2 ... UNESCO-status vil ikkje berre berøre bygningar inne på smelteverket, men og legge føringar for heile Odda sentrum. ”*

I løpet av sommaren inviterer kommunen til infomøte i slutten av august og det blir laga ein informasjonsbrosjyre. Det blir omvising på smelteverket som har vore eit lukka område. Det er også ein diskusjon om stygt og pent. Ei dame er på tråden til lokalavisa. Ho ringjer på vegne av mannen sin som har arbeidd på verket i 50 år i skit og varme. Han ynskjer verket jamna med jorda og seier at vernarane aldri har jobba der og ikkje forstår. Det er ikkje ei romantisk historie.

## **Valdagen 10. september**

Folket går til urnene. Skal velja kommunestyre, fylkesting og seia ja el nei til å gå vidare med UNESCO-søknaden. Rikspressa er til stades. Oppteljinga dreg ut. Så kjem resultatet.

Om lag 3 500 har stemt i folkeavrøystinga. 99 fleire nei- stemmer avgjer totalen etter oppteljing av 600 førehandsstemmer. Odda er blitt polarisert. Halve Odda er rådvill – for mange var dette håpet om ei ny retning. Mange av ja-stemmarane tenkjer på å flytta. Nei-sida pressar på for å få trekkja søknaden. Seinare i september går fylkeskonservatoren til motsegn mot reguleringsplanen og får vedtak i fylkesutvalet om at det skal gjennomførast ei stadanalyse og meklast om vegløyning for å få reguleringsplanen vidare. Skifte av kommunepolitikarar gjer at saka skal opp for det nye kommunestyret.

## ***Kva vekt skal folkeavrøystinga om UNESCO gjevast?***

Folkeavstemminga i Odda om Odda skal oppretthalda sitt kommunestyrevedtak om å jobba for å koma på UNESCO si liste for verneverdige objekt gav nei-sida ein knappast mogleg siger: 99 stemmers overvekt eller 51% mot 49%.

Norge har eit system med rådgevande folkeavstemmingar. Det betyr at det er politikarane som skal bestemma om dei skal følgja rådet frå folket eller ikkje. Ein juridisk gjennomgang av temaet vart gjort i NOU 2001:03, Veljarar, valordning, valde. Her er noen utvalde sitat om folkeavrøystingar:

*”Norge har ingen generelle regler for folkeavstemninger. Det er, isteden, blitt utformet en særlov for hver enkelt avstemning. Spørsmålet om å grunnlovsfeste en eller annen form for folkeavstemning har vært en følgetong i debatten i Stortinget. (Bjørklund 1997 s. 43-44) ...Kommuneloven/fylkeskommuneloven har heller ingen regler om folkeavstemninger kan, eller skal, holdes (NOU 1990:13 s.100-101). Bindende folkeavstemninger i kommunale/fylkeskommunale saker kan bare skje dersom det ligger en særskildt lovhjemmel til grunn. Dette er ikke til hinder for at kommunene/fylkeskommunene kan ha rådgivende folkeavstemninger før beslutninger fattes i representative politiske organer. Kommunene/fylkeskommunene gjennomfører ofte ulike typer opinionsundersøkinger. Disse er til en viss grad formalisert i Plan- og bygningsloven. Det legges her stor vekt på informasjon, at innbyggerne skal få anledning til å uttale seg om eventuelle planforslag.”*

Det er gjennomført noe forskning på lokale folkeavrøystingar. Ei undersøking gjort av NIBR (2004:124) viser at dei fleste avrøystingar er knytt til oversiktlege problemstillingar. Frå 2000 til 2003 vart det gjennomført 28 folkeavrøystingar i like mange kommunar. 13 av desse dreia seg om kommunesamanslåingar, og to om endring av kommunegrensar. 5 folkeavrøystingar handla om målform i grunnskulen, 2 om skulestruktur/nedlegging av skule, 1 om kommunenamn, 1 om ølsal i butikkane, 1 om vegbygging/vegtrase og 1 om utlegging av tomter og næringsareal.



**Di meir komplisert temaet er, di mindre talar det for å leggja saka ut på rådgjevande folkeavrøysting i det norske systemet, der politikarar er valde til å foreta kompliserte heilheitsvurderingar. Di meir komplisert saka er, jo klarare bør rådet frå folket vera for at politikarane skal fråskrive seg ansvaret for saka.**

Utan samanlikning forøvrig vart det sett ned ei nemnd med fylkesmannen i Sør-Trøndelag for å vurdere om det skulle gjennomførast folkerøysting i saka om å skilja kyrkje og stat. Dei frårådde folkeavrøysting. Det var eit komplisert spørsmål som ikkje eigna seg til folkeavrøysting og som ville føra til ei polarisering og som kanskje ikkje gav noko klart råd..

Følgjande argument talar imot å følgja rådet frå folkerøystinga slavisk i Odda sitt tilfelle:

1. Det vart halde eit val til kommunestyret parallelt med folkeavrøystinga. Dei partia som sa klart ja til Unesco sit i dag med fleirtal 12-15. I tillegg veit vi at det største partiet, Arbeiderpartiet, er delt i saka. Det betyr at det blant representantane er eit stort fleirtal for. Det betyr også folket har gitt to råd: nei via folkeavrøystinga og ja via kommunevalget. Kva betyr mest?
2. Det kan vera at det dukkar opp ny informasjon etter folkeavrøystinga som bør tilleggjast stor vekt. Eit eksempel på dette er eit nasjonalt fredingsvedtak. Viss dei omstridde bygningane blir freda nasjonalt, oppnår ikkje nei-sida den fridomen til å utnytte smelteverkstomta, som dei har ønska ved å stemma nei. Då vil spørsmålet vera om ein eventuell Unescostatus vil kunna medføre fordeler for Odda, som bør utnyttast. Dette er ny informasjon som det pliktar politikarane i Odda å tilleggjast vekt, når dei til slutt skal avgjera kva som er til Odda sitt beste gitt den informasjonen dei sit på.
3. Det er verd å merke seg at det var et fleirtal for Unesco mellom dei som stemte på valdagen (53 % - 47 %), mens det var et stort fleirtal mot (39 % - 61 %) mellom dei som stemte på førehand. Betyr det stemninga i Odda snudde frå negativ til positiv i perioden fram til valdagen, og at stemninga no er positiv? Eller er det fordi ein annan type menneske førhandsstemte? Viss dette er eit uttrykk for at stemningen snudde, gjerne på grunn av den auka intensiteten i meningsutvekslinga og det dermed aukande informasjonstilfanget for veljarane, så er det verd å ta med seg. Folkeavrøystinga kan, som sitatet fra NOU 2001:03 ovanfor viser, samanliknast med ei meningsmåling ikkje ein beslutning.
4. Det kan også stillast spørsmål ved om alle røysteføre i Odda kommune skal tilleggjast like stor vekt. Det var eit stor ja-fleirtal i valkretsen i Odda sentrum, mens det var et klart nei-flertal i Tyssedal og Røldal. Men har innbyggjarane i Tyssedal og Røldal same legitime rett til å uttala seg om Odda si by-utvikling, som dei som bur i byen?
5. Eit anna spørsmål er om eininga Odda kommune er for liten, om ikkje også dei omliggjande kommunane eller begge fylka, burde ha ein rett til å uttala seg om saka. Til det er å sei at ja, andre kan også ha legitim rett til å bli høyrte, men denne folkeavrøystinga er eit råd til kommunestyret i Odda. Då blir det irrelevant å trekkja inn områda rundt. Førstekandidatane til alle partia i nabokommunen Ullensvang svara at dei var positive til å gå vidare med UNESCO-søknaden. Det ville vera ei vinning for heile regionen om ein nådde den statusen meinte desse politikarane.
6. For Staten, som skal avgjera om Odda skal nominerast til Unesco er saka ei anna kan ein hevda, for Staten vil synspunkt frå heile regionen måtte tilleggjast vekt etter mi meining.

Å gå for å søkja UNESCO-status for kulturminne av unik verdi er eit verdival. Odda har vore gjennom sterke meningsbrytingar og med knappast mulig fleirtal vart rådet frå folket nei. Det gjekk politikk i saka og det ville vel sett frå dei ulike partia si side vore "politisk sjølv mord" i eit valår å seia nei til folkeavrøysting.

Det kunne vore eit alternativ for politikarane å laga ei betenkning om kva ei folkerøysting ville føra til fordi dette var ei komplisert sak som var vanskeleg for folk flest å ta stilling til. Dette kom truleg ikkje opp fordi smelteverkstomta såg ut som ein spøkelsesby der ingenting skjedde samstundes som folketalet minka. Det hasta for Odda. Mange visste nok ikkje kva UNESCO stod for. Mange trudde nok at dei stemte ja til riving av stålbygga på smelteverket.

## **Oppsummering om folkerøystinga**

Folkeavrøystingsresultatet med overvekt av NEI er noe ein må forholde seg til all den tid folket er spurt om råd. Rådet frå folket kan likevel hevdast å vera lite overbevisande. På valdagen var det ei overvekt på ja-sida (53 vs 47 prosent), blant førehandsstemmene var det stor overvekt på nei-sida (61 vs 39 prosent). Til saman gav dette eit lite fleirtal for nei-sida (51 vs 49 prosent).

Saka er komplisert og det verserte informasjon av ulik kvalitet under valkampen omkring tema. Det må kunna hevdast at saka må ha vore svært vanskeleg å setja seg inn i for mange veljarar. No har det kome ny informasjon, utvida freding og motsegn mot reguleringsplanen, som kan snu opp ned på saka.

Det var førehandsstemmene som avgjorde. Vi har ei aning om at mange eldre stemte på førehand og dei ved institusjonane i kommunen. Og dei som var klare for nei uansett meir info. Tilbakemeldingane etter folkemøtet i slutten av august var at no hadde folk snudd frå nei til ja.

I august hadde vi besøk frå UNESCOminnet Zollverein der store ovnar liknande i Odda er verna og med ny bruk. Representanten derifrå kunne ikkje forstå at folkerøysting kunne vera ein god prosess. Som i Ruhr såg han at folk i Odda var følelseslada pga nedlegging av smelteverket og at folketalet gjekk ned. Ein ville ikkje ta inn over seg at industrien var i endring med reduksjon i talet på arbeidsplasser.

Claus Stiens gav eit eksempel frå Tyskland; viss ein skulle hatt folkeavrøysting der, så ville truleg resultatet blitt NEI. Der greip staten inn og sikra dei internasjonalt viktige kulturminna på tysk territorium med nasjonal finansiering og utviklingsmidlar, vern gjennom bruk. Noko liknande kan seiast å vera tilfelle på Røros der staten i 1978 ved nedlegging av gruvene kjøpte til museumsformål. Om det hadde vore folkerøysting om å få den brannherja Bryggen i Bergen som kandidat til UNESCO si verdsarvliste i si tid, så hadde truleg ikkje Bryggen blitt kandidat. Der greip Riksantikvaren inn i tidleg i prosessen.

Det vart ein opprivande haust i Odda pga folkerøystinga. Straks etter folkerøystinga kom kravet i avisene om at politikarane skulle trekkja søknaden. Lokalavisa åtvara innbyggjarane mot ny "skitkasting" og oppmoda om å koma vidare samt å få ro om saka. Nye moment har kome til, melombels freding er utvida, og politikarane er pressa om å ta stilling til folket sitt råd. Noen har i ettertid tatt kontakt med Statsministeren sitt kontor og fått til svar at resultatet av folkerøystinga er eit lokalpolitisk spørsmål. Staten avventar svar frå Odda kommunestyre før søknaden blir lagt til side.

I førre veke sat politikarane saman i 6 timar for å finna ein felles plattform. Dei skulle skriva uttale til fylket om si vurdering av utvida vern. Ordføraren hadde uttala til avisa at han no var positiv til å gå vidare med UNESCO-søknaden om omfanget av vern vart mindre på smelteverket. Stridens kjerne var Omn 3.

Politikarane har uttalt dette til fylkeskommunen sitt forslag om utvida vern:

**FELLESFORSLAG FRÅ Senterpartiet, Rødt, Nye Odda, Høgre, Venstre og Arbeiderpartiet**

## Sak 003/08

Odda Smelteverk. Varsel om oppstart av fredingssak. Fråsegn frå Odda kommune  
Utviklingskomitèen sitt framlegg til

vedtak:

1. **Kommunestyret** vil på det sterkaste oppfordre Fylkeskommunen til å **ta omsyn til** Odda kommune sitt behov for å legge ny **riksveg** over Smelteverkstomta.
2. **Kommunestyret** forutset at eit framtidig vern på Smelteverkstomta får eit **begrensa** omfang **i høve til grunnlaget for folkerøystinga. Vern av kulturminner vert utforma på ein slik måte at det ikkje er til hinder for utvikling av arbeidsplassar og nye aktivitetar på Smelteverkstomta.**
3. **Kommunestyret** forutset at dei økonomiske følgjene av eit vern blir klarlagt og at finansiering av dette er på plass **så langt råd er**, før området vert verna.
4. **Kommunestyret vil ta økonomisk delansvar for å ivareta verneverdiar knytt til dei bygg kommunen eig på Smelteverkstomta.**
5. **Kommunestyret** forutset at staten saman med fylket tek **hovudansvar for finansiering av vern for utvalde tekniske og industrielle kulturminne som har nasjonal kulturminneverdi. Tilstrekkelege midlar til istandsetjing og visuelle oppgraderingar må snarast stillast til rådvelde.**
6. **Kommunestyret** forutset at det før freding kjem klare retningslinjer for omfang og konsekvensar utanfor verna område.
7. **Kommunestyret ber om at ovn 1 og 2 vert vurdert som alternativt vern/visningsobjekt for å visualisera produksjonslina for karbid på Smelteverket.**

Tyssedal – Odda – Rjukan utfyller einannan og vil gå styrka vidare om ein går saman i ein søknad til UNESCO. Det har Riksantikvaren sett ved anbefaling om serienominasjon. No i ettertid kan det vera nyttig at prosessen omkring vern og UNESCO-søknad i Odda blir gjennomgått av ein ekstern part. Prosessen er til å læra av. Det burde også vore gjennomgått faktaopplysningar frå ulike partar, kor vidt dei er korrekte eller for farga eller uriktige.

Vi har høyrte om samfunn som har latt politikarane ta avgjerla i ei slik komplisert sak. New York Times melde i ein artikkel i 2003 om den vanskelige verdensarven og tålegrensar for turisme til UNESCO-stader. Om turisme som øydelegg og om eit samfunn i Sør-Amerika der politikarane bevisst ynskte å ta vare på sin kulturarv for å styrka regionen kulturelt og økonomisk ved å søkja om å bli tatt opp på UNESCO-lista. Det lykkast dei med.

Statsvitar Erling Dokk Holm skreiv i ein artikkel i Kommunal rapport for 4 år sidan om Odda sine eventyrlege muligheter. Bakgrunnen var det nedlagte smelteverket og kontrastane i spektakulær natur og industriarkitektur. Han sa: ”De eneste som kan ødelegge mulighetene er stedets egne politikere”. Tidlegare journalist Jan Gravdal frå Odda kommenterer dette og ser også muligheter og behovet for endring i industrisamfunnet:

*”Mer kraftkrevende industri er en umulighet. Vi har ikke lenger de fordelene denne industrien ble etablert i Odda på. Dessuten er dette den type industri som har fjernet tusenvis av arbeidsplasser og hvor signalene forteller om utflytting, mer rasjonalisering og nedleggelse. ... Siden 70-tallet har kommunen spydd ut millioner av kroner på konsulenter som gang på gang har kommet opp med de same konklusjonene: Industri, små bedrifter. I den perioden har vi mistet 3000 innbyggere. ... Mulighetene ligger åpenbart i å skape et nytt og anderledes marked. Og da må Odda bruke den muligheten deler av Odda smelteverk gir. På den måten tar vi vare på vår identitet, vår historie og bygger framtiden på det. Det betyr ikke at bygningane skal tas vare på som tomme innholdsløse skall. Det er ingen tilfeldighet at Odda og Tyssedal er interessant for UNESCO. Det har simpelthen sammenheng med at vi har*

*historiske verdier som har voldsomme framtidsrettede krefter i seg. Det finnes en rekke steder i Europa og USA som har hatt mot til å gjøre noe av det Odda nå har muligheten til. Alle har fått en eventyrlig vekst. Og enda viktigere – stedene har blitt til steder der også ungdommen ønsker å være.”*

Med disse orda sluttar eg av med ønskje om noen her blir engasjert i å finna ut meir om prosessen i Odda for å læra av den og for å bidra til å ta dette norske samfunnet vidare med historien som ressurs. Verdsarv og menneskerettar – konflikt eller samspel? Lokalsamfunnet Odda har i løpet av kort tid drøfta vanskelege spørsmål som har ført til mange konfliktrar lokalt. Mange har ytra seg og informasjonen har vore av vekslande kvalitet. Etter mitt syn er spørsmålet av større betydning enn at lokalsamfunnet aleine kan avgjera. Spørsmålet gjeld riving eller vern av industriens kulturminne som er underrepresentert på verdsarvlista. Kven avgjer? UNESCO, staten eller lokalsamfunnet? Korleis få til ein betre dialog og samspel mellom dei ulike nivåa på vegne av kulturminna og seinare generasjonar?